



**Ny synfaring:** Fredag var det ny synfaring langs Hemsil. Denne gongen med Tor Grøthe i Hemsedal Fiskeforening, prosjektleiar Per H. Børtnes (blå genser) og Helge Torsgard (svart genser) frå Viken Skog, samt hogstmann Danijel Djordjevic.

# - Hogginga kunne blitt katastrofe

■ Fiskeforening fekk stoppa hard hogst langs Hemsil

Fiskeforeninga i Hemsedal greip torsdag inn i hogging langs Hemsil.

Line Sandvik  
ls@hallingdalen.no

Prosjektet «Opnare Hallingdalen» skal sørge for betre utsikt for folk som ferdast gjennom dalen. Utsikt mot vakker natur og kulturlandskap blir truga av attgroing. Fylkeskommunen har teke initiativ til prosjektet med å få rydde skog langs prioriterte vegstrekk. I Hemsedal fiskeforening gjekk alarmen torsdag då dei såg hogsten som gjekk føre seg langs Hemsil ved Ulsåk.

## Kritisk til rydding

– Vegetasjonen langs elva sørger for ly og mat for fisken, fortel Tor Grøthe i Hemsedal fiskeforening. Å rydde i sona langs elva kan bli kritisk for biotopen i og langs elva. Då hjelper det lite med betre utsikt.

Fredag sørga han for å få i stand ei synfaring med prosjektleiar Per Børtnes og ansvarleg frå Viken Skog, Helge Torsgard. Området frå Hjelmen til Langeseter spesielt

sårbart. På andre sida er det dyrka mark og difor også mindre vegetasjon langs elva.

Hemsedal kommune hadde synfaring i området sist veke. – Det er ein skandale at me ikkje var med på den synfaringa, seier Grøthe tydeleg opprørt.

## Vegetasjonen

Det er gitt dispensasjon frå regelen om seks meter vernesone langs vassdrag i samband med ryddeprosjektet. Også den fastsette to metersgrensa skulle det vere lov å hogge innanfor.

– Nei, nei, nei, seier Grøthe. Prosjektleiar Børtnes og Helge Torsgard frå Viken Skog påpeiker at dei berre utfører det som vart sagt på synfaringa i lag med kommunen sist veke. – Me er heilt avhengige av småvegetasjonen langs elva. Blir det snauhogst, blir alt gale, seier Grøthe. Han meiner Hemsil kanskje er Europas beste torrflugeelv, og den vesle vegetasjonen langs elva er spesielt viktig å bevare.

## Fekk forståing

Både representanten frå Viken Skog og prosjektleiaren hadde forståing for fiskeforeninga sitt innspel. Men dei tykte det var rart at foreninga ikkje var komen på banen tidlegare.

– Kven skal me høyre på? Kommunen eller fiskeforeninga? spurde Torsgard.

– Her har det tydeleg vore kommunikasjonsvikt, svara Grøthe. Fiskeforeninga kom med utspel overfor kommunen i sommar og rådde til ikkje å hogge innanfor ei grense på 3-4 meter frå elvbreidda. Og om det skulle hogst nærare enn to meter, måtte dei vere med på synfaring. Elles stilte foreninga seg positiv til ryddinga.

– Dette er vandalisme, uttala Grøthe då han såg det nyhogde området nærare Hjelmen. Noko av småskogen langs elva var hogd ned i løpet av fredagen.

Partane vart samde om at vidare hogst i området skulle gå meir varsamt for seg. Grøthe fekk og merke av større tre han tykte skulle få stå att.

## Livredd

– Eg var livredd for korleis dette kunne gått, seier Grøthe. Glad for å bli møtt med forståing hjå dei ansvarlege for prosjektet.

– I tillegg er det låg vasstand no, så to metersgrensa blir noko snau. Her blir det lite vegetasjon att mange stader. Eg håpar de brukar skjonn under hogsten og let det stå att meir, påpeikte han.



**Ikkje slik:** Snauhogst langs elvbreidda er det siste fiskeforeninga vil sjå. Fredag fekk Tor Grøthe stoppa hogsten i elvekanten ned mot Hjelmen.

Dei store bartrea lang elvbreidda skal vekk, men det blir ingen hogst innanfor to metersgrensa.

– Og ein må ikkje røre småkrattet. Her er det tydeleg nokon som ikkje har skjont verdien av Hemsil, uttala Grøthe.



Sein fylling: Sterkt nedtappa markover sommaren. Biletet er frå fiskeforeninga.

# Vent kra

Lite vatn til nedbor i fleire knader. Lite snø i fjellet. Situasjonen langsfrå gunstig for kraftproduksjon.

il Sletten  
Hallingsdalen.no

et vil truleg du og eg få noko på kommeboka i månadssvevet. Straumproduksjonen held korta tett til brytinga i forettingsmessige omstendningar. Men det er også ei del andre forhold som kan gi oss me mellom anna tynning av kraftproduksjonen til kjernekraft og kjernekraft. Geir Gundersen i E-CO Vannkraft

## Dirigere fylling

Han konstaterer at det er nokon i fjellet. Dermed er det eit mindre potensiale i magasin.

## Skadvin kan

Etter at hovudutval for distrikt diskuterte barnehagesituasjonen i Hemsedal førte veka går det mot at avdelinga Skadvin blir permanent.

Skadvin er til